

Referat frå årsmøte i Fitjar Fjellsameige 31.03.2022

Det vart halde årsmøte i Fitjar Fjellsameige i Fitjar Kulturhus torsdag 31.03.2022

kl. 19.30. Frammøte: Totalt 30 personar som representerte 22,72 % av den totale skylda i laget. 4 eigarar var representert ved fullmakter.

På vegne av styret i laget ynskte leiar Lars Ove Rimmereid velkomen til årsmøte.

Han les opp dei 4 fullmaktene.

Årsmøtesaker

1. Godkjenning av innkalling, dagsorden og fullmakter.

Ingen innvendingar til innkallinga, den vert godkjent

Saklista vert einstemmig godkjent.

2. Val av møteleiar og referent

Framlegg til møteleiar: John Karsten Raunholm, Ingen andre framlegg. Samrøystes valt.

Framlegg til referent: Tone Koløen. Ingen andre framlegg.

Samrøystes valt.

John Karsten ynskjer at dei som vil ha ordet kjem fram til mikrofonen og snakkar.

3. Val av to personar til å skriva under protokollen

Framlegg:

Nils Andreas Brekke og Svein Olav Raunholm vert valt til å skriva under protokollen.

Ingen andre framlegg. Samrøystes valt.

4. Styret si årsmelding for 2021

Lars Ove får ordet for gjennomgang av årsmeldinga.

Han les avsnitt for avsnitt og ynskjer kommentarar til slutt.

John Karsten takkar Lars Ove for gjennomgangen, han ber om at dei som ynskjer ordet gjev eit vink. Ingen vil kommentera årsmeldinga.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet sluttar seg til styret si årsmelding for 2021.

Samrøystes vedteke.

5. Årsrekneskap for 2021 Med revisjonsmelding og disponering av overskot.

John Karsten les opp framlegg til vedtak, og gjev ordet til Lars Ove for gjennomgang av rekneskapen.

Lars Ove seier at me hadde invitert rekneskapsførar Rune Helland til å gå gjennom tala, men han kunne dessverre ikkje komma. Dersom det vert for avanserte tal må han henvisa til revisorane.

Han går gjennom rekneskapen.

Han lurar på om det er spørsmål, John Karsten seier at det står i årsmøtepapira at revisjonen vert lagt fram på årsmøte, Lars Ove viser revisjonen og les den opp. Revisorane tilrår at rekneskapen vert godkjent.

Framlegg til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2021 slik det ligg føre, med eit overskot på 2.046.236,-.
2. Årsmøtet går inn for at overskotet vert disponert slik at kr.10.000,- vert overført til driftsfondet, kr. 638.426,- vert overført til tiltaksfondet, og at resten, kr. 1.397.810,- vert utbetalt til sameigarane.
3. Årsmøtet sluttar seg til at det kan trekkjast kr. 130.125,50 frå tiltaksfondet for å finansiera dei tiltaka som er lista opp i rekneskapen.

Samrøystes vedteke.

6. Budsjett for 2022

John Karsten gjev ordet til styreleiar for gjennomgang av budsjettet. Lars Ove går gjennom dette. Han seier at det er ikkje godt å vita kor mykje inntekter me vil få av vindkrafta i 2022. Me har ambisjonar om å bruka rundt ein halv million i 2022, me har allereie brukt ein del på utviding av parkeringsplassen.

Han lurar på om det er nokon spørsmål til budsjettet, John Karsten kommenter at det er kommen i minste laget med renter, han oppmodar styret til å ta dette opp med banken.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt budsjett for 2020

Samrøystes vedteke.

7. Investere kapital i Fond

Lars Ove les: Tiltaksfondet vårt veks og vil bestå av ein del kapital etter kvart. Iht vedtektene kan det veksa opp til 6,3 millionar. det er litt mykje pengar å ha ståande på bankkonto med lite renter. Pr dags dato er det ca. 1,8 millionar på tiltaksfondet. Styret har hatt møte med sparebanken Vest og blitt oppmerksom på at kapital på bankkonto tapar seg med ca. 33% kvart 10. år. Styret har etter diskusjonar funne ut at det er fornuftig og investere kapitalen i fond med moderat til høg risiko. Styret ynskjer at årsmøtet tek del i denne avgjerda. Dersom årsmøtet kjem fram til eit vedtak om investering i fond, så vil styret leggja inn årlege fondsinvesteringar i budsjettet til årsmøta frametter. Han seier at me har vore einige i styret i tillegg til revisorar om at det kan vera smart å investera i fond.

Han lurar på om det er nokon i salen som har innvendingar.

Harald Rydland tek ordet: han har nokre tankar rundt dette. Det er bra med langsiktige sparing, han har sett på tala som styret har sett opp i framlegget til vedtak, han synes kanskje det kan vera litt høge tal. Det kan vera greitt å ha ein god sum ståande i banken til eventuelle tiltak som kan komma i framtida. Han har ikkje gjort seg opp nokon meining om summar.

Ingmund Bjordal lurar på om det ikkje kjem nye inntekter neste år? I tilfelle vil det vera kun eitt år med litt låg kapital i banken.

Nils Magne Skumsnes kjem fram og snakkar litt om forskjellige typar fond, nokre fond kan du få pengane ut att på fem dagar, han føreslår å setja meir pengar inn i eit rentefond der dette er tilfelle. Då får ein meir renta enn om me let det stå mykje pengar på ein vanleg bankkonto.

Nils Andreas Brekke tek ordet: Han er einig i styret sitt forslag med presisering på Nils Magne sitt forslag, om å spreie pengane på forskjellige typar fond. Han seier at disse fonda kan kjøpast og seljast kvar dag om ynskjeleg.

Harald Rydland tek ordet igjen. Han synes dei andre kom med gode innspel. Han presiserer at framlegget til vedtak står at me skal investera i høgrisiko fond, han ynskjer at me får inn i framlegg til vedtak at det skal investerast i moderat risiko fond.

Nils Magne seier at me då må definert kva som er moderat og kva som er høg risiko. Han føreslår at me tek vekk i frå vedtaket moderat og høg risiko og set vår tillit til styret når dei skal investera.

Lars Ove svarar: Høg risiko er ikkje så veldig høg risiko i fylgje banken. Han informerer litt om det som me fekk informasjon om i møte med banken, me har ikkje gjort oss opp noko meining om korleis det skal investerast enno.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet rår styret til å investera opp mot 1 million kroner i fond med moderat risiko i 2022.

3 røyster

Framlegg til vedtak: Årsmøtet rår styret til å investera opp mot 1 million kroner i fond.

Nils Magne Skumsnes sitt forslag fekk 21 røyster

Framlegg til vedtak: Årsmøtet rår styret til å investera opp mot 1 million kroner i fond med moderat til høg risiko i 2022.

5 røyster

Nils Magne Skumsnes sitt forslag er vedteke.

8. Bruk av ekstern Revisor

Fjorårets valnemnd bad på årsmøtet i fjor om at styret måtte vurdere bruk av autorisert Revisor. Styret har hatt diskusjonar på om me skal gå for ekstern revisor eller fortsetja med eigne. Me har henta inn eit prisoverslag, ca. 20.000,- vil det kosta. Vedtektene seier pr i dag at me skal velja 2 eigne revisorar og 2 vara revisorar. Verdiane i laget aukar og det er viktig at me forvaltar verdiane på ein god, ryddig og forskrifts messig måte. Konklusjonen vart at styret var delt i det spørsmålet. 3 for ekstern revisor og 2 for bruk av eigne.

Lars Ove seier at me lurte på om me måtte endra vedtektene for å bruka autorisert revisor, han seier at me valde å ikkje endra vedtektene enno, dersom årsmøte går for å teikna avtale med ekstern revisor vil me laga ein toårig avtale og så ta ei evaluering på om det har noko for seg.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet gjev styret fullmakt til å teikna avtale med ein autorisert revisor.

Samrøystes vedteke.

9. Styret sin arbeidsplan for 2022

Det er godt å ha ein arbeidsplan seier Lars Ove... men det er ikkje alltid den vert fylgt opp, han gler seg til å springa i banken å handla fond, og til å finna ein god revisor.

Han går gjennom styret sin arbeidsplan. Me i styre ynskjer å ha eit møte med Midtfjellet Vindpark, det er ei stund sidan sist, så det kan vera greitt å få ei oppdatering på korleis det står til.

Toalettanlegg og bubilparkering står høgt på ynskjelista.

Han tek fram avtalen med Dyrkingslaget om nydyrking, Frode Fitjar bekreftar frå salen at avtalen no er signert av begge partar.

Grindabygget er leigt ut, Lars Ove seier at det kanskje var litt dumt å leiga ut huset, men det er ein avtale som ikkje er langsiktig, dessutan har det ein fordel med at ho som leiger det no held det ryddig og reint.

Han spør om kommentarar eller innspel til arbeidsplanen. Reidar seier at han må sei noko om Nofence, Lars Ove snakkar litt om det, tanken er at dersom nokon ynskjer å

ha storfe i fjellet kan dei kjøpa klavane sjølv så kan fjellsameiga dekke bruken / lisensen, den er mellom 1000,- og 1500,- pr dyr pr år.

Me bør setja opp skilt om at det er storfe i fjellet slik at folk ikkje vert overraska.

John Karsten ber om innspel, det er det ikkje.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet sluttar seg til styret sin arbeidsplan for 2022.

Samrøystes vedteke.

10. Fastsetjing av godtgjersle til styret og andre tillitsvalde for 2022

Leiar: Fast godtgjersle kr. 20.000,- pr. år

Skrivar: Fast godtgjersle kr. 10.000,- pr. år

Møter kveldstid: kr. 600,- pr møte for styre og evt. varafolk som møter

Møter på dagtid: kr 350,- pr time

Revisorgodtgjersle: Fast godtgjersle kr. 1.000,- pr år.

Reisegodtgjersle: Føl staten sine satsar for reiser innanlands og utanlands.

Møtegodtgjersla/ timesatsen skal og gjelda for andre som styret ber møta i diverse møter. Også for valnemndsarbeid.

Framlegg til vedtak: Inga endring i godtgjersla til styret og andre tillitsvalde.

Samrøystes vedteke.

Sak 11. Val av tillitsvalde i tråd med vedtektene

Johannes Nesse vert beden om å komma fram å leggja fram valnemnda si innstilling.

Han seier at dei har hatt ein lett jobb, alle dei spurde har svart ja.

Val av to styremedlem for to år.

Styret i 2021-2022:

Leiar Lars Ove Rimmereid (på val i 2022)

Styremedlem Tone Koløen (på val i 2023)

Styremedlem Kristian Skumsnes (på val i 2023)

Styremedlem Reidar Kloster (på val i 2022)

Styremedlem Karl Andre Rydland (på val i 2022)

Vararepresentantar for 2021-2022 har vore:

1. Terje Peder Torland (på val i 2022)
2. Inge Andreas Waage (på val i 2022)
3. Knut Vik (på val i 2022)

Revisorar for 2021-2022 har vore:

Nils Andreas Brekke vald for 2 år i 2020 (på val i 2022)

Nils Magne Skumsnes vald for 2 år i 2021 (på val i 2023)

Vararevisorar:

Kristen Rydland vald for 2 år i 2020 (på val i 2022)

Ole Sandvik vald for 2 år i 2021 (på val i 2023)

Valnemnd frå årsmøte i 2021:

Johannes Nesse, 1 år leiar

Tore Sigurd Fitjar, 2 år

Oddvar de Fine, 3 år

Framlegg frå valnemnda.

Leiar: Lars Ove Rimmereid 1 år (gjenväl)

Styremedlem: Karl Andre Rydland 2 år (gjenväl)

Styremedlem: Terje Peder Torland 2 år (ny)

Varamedlem:

Årsmøte i Fitjar fjellsameige 31.03.2022

1. vara Inge Andreas Waage (1 år)
2. vara Svein Olav Raunholm (1 år)
3. vara Joakim Hellen Strand (1år)

Revisor: Nils Andreas Brekke 2 år (gjenväl)

Vararevisor: Kristen Rydland 2 år (gjenväl)

Nytt valnemndsmedlem: Reidar Kloster (3 år)

Ny valnemnd:

Tore Sigurd Fitjar (Leiar 1 år)

Oddvar de Fine (2 år)

Reidar Kloster (3 år)

Nytt styre i 2022-2023 vert slik:

Leiar Lars Ove Rimmereid

Styremedlem Tone Koløen

Styremedlem Kristian Skumsnes

Styremedlem Karl Andre Rydland

Nytt styremedlem Terje Peder Torland

Samrøystes valt iht framlegg frå valnemnda.

John Karsten får blommar av Lars Ove som takk for hjelpa med å vera ordstyrar.

Reidar Kloster vert takka av som styremedlem han har sete i styret i mange år.

Johannes Nesse får blommar sidan han ikkje fekk då han gjekk ut av styret. Dei får og kvar sitt gåvekort frå Fitjar Fjordhotell.

Reidar må få sei nokre ord, han er ikkje sikker på kor mange år han har vore styremedlem, han oppmodar alle styremedlemmar å lesa alle sakspapir, då vert alle sakene interessante.

Han fortel og ei historie om Karl Gloppen, han var ærleg å meinte at vindmøllene skjemmer ut heile fjellet. Derimot var han veldig for planane om dyrking i fjellet.

Tone får og ein blomebukett.

Lars Ove takkar for i kveld og ynskjer alle vel heim.

Lars Ove Rimmereid, leiar i sameiga

Tone Koløen, referent

Nils Andreas Brekke

Svein Olav Raunholm